

STREIF

Samfunnsfag for videregående

10 Velstand og velferd



Norsk økonomi

Noreg – eit rikt land

BNP – bruttonasjonalproduktet:

- Samla verdi av ferdige varer og tenester som blir produserte i eit land gjennom eit år.
- Målestokk for den økonomiske rikdommen i eit land.

Norsk økonomi

Noreg – eit lite land

- Relativt lågt totalt BNP.
- Avhengig av handel med utlandet.
- Internasjonal økonomi påverkar norsk økonomi.

Norsk økonomi

Noreg – eit rikt land

- Høgt BNP per innbyggjar.
- Jamn vekst i BNP over mange år.

Karakteristiske trekk ved norsk økonomi

- Høg produktivitet
- Låg arbeidsløyse
- Jamn fordeling av rikdommen
- Gode velferdsordningar
- Dyr og høgt utdanna arbeidskraft
- Høgt kostnadsnivå

Årsaker til at Noreg er eit rikt land

God tilgang på naturressursar:

- Olje og gass.
- Vasskraft.
- Fisk (vår nest største eksportartikkel).

Årsaker til at Noreg er eit rikt land

Politisk stabilitet:

- Få konflikter, trygge rammer som skaper godt grunnlag for vekst.
- Relativt stabil økonomisk politikk.
- Folk veit kva dei har å halde seg til.

Årsaker til at Noreg er eit rikt land

Effektiv organisering av arbeidslivet:

- Høg produktivitet.
- Godt samarbeid mellom partane i arbeidslivet.

Mål for norsk økonomisk politikk

Jamn økonomisk vekst:

- Økonomisk vekst gir grunnlag for styrking av velferdsstaten.
- Flest mogleg i arbeid.

Mål for norsk økonomisk politikk

- Pengepolitikk er styring av inflasjon, rentar og valutakurs.
- Pengepolitikken er delegert til Noregs bank.
- Hovudmålet er å oppnå ein låg og stabil inflasjon.

Mål for norsk økonomisk politikk

- Å fastsetje styringsrenta er hovudverkemiddelet til Noregs bank.
- Renta spelar inn på kronekursen, forventningane til økonomien og kor mykje pengar folk og bedrifter har til forbruk og investeringar.

Mål for norsk økonomisk politikk

Oppgåva til staten:

- Å bidra til størst mogleg velferd.
- Å sikre ei mest mogleg effektiv fordeling av ressursane.
- Å skaffe inntekter gjennom skattar og avgifter.
- Å utjamne konjunktursvingingar.
- Å skape økonomisk tryggleik for innbyggjarane og gode vilkår for næringslivet.

Ulike måtar å organisere økonomien på: planøkonomi

- Staten detaljstyrer økonomien og fastset kor mykje som skal produserast, og kor mykje alt skal koste.
- Problem:
 - Vanskeleg å detaljstyre ein heil økonomi på denne måten.
 - Praktisk talt alle land som har prøvd, har mislykkast.

Marknadsøkonomi

- Staten involverer seg minst mulig i den økonomiske aktiviteten i landet.
- Prisen på varer og tenester (og kor mykje som skal produserast) blir fastsett av:
 - Kor mykje bedriftene er villige til å tilby.
 - Etterspurnaden blant forbrukarane.
- Problem: ofte skeiv fordeling av gode.

Blandingsøkonomi – Noreg

- I utgangspunktet ein marknadsøkonomi, men det offentlege styrer på viktige område.
- Det offentlege set reglar for korleis næringslivet skal fungere.
- Viktigast: produksjon av visse tenester som vi meiner alle bør ha likt tilgjenge til, for eksempel:
 - Helsetenester.
 - Skolar.
 - Barnehagar.
 - Vegar.

Blandingsøkonomi – Noreg

- Også støtteordningar og subsidiar til visse næringer som blir vurderte som utsette:
 - Landbruk
 - Nyetableringar
- Finansieringa av statens utgifter: skattar og avgifter viktigast.
- Petroleumsinntektene også viktige: plasserte i fond som skal finansiere framtidige pensjonsutgifter.

Blandingsøkonomi – Noreg

- Styringsinstrument – statsbudsjettet viktigast:
 - Ei oversikt over statens inntekter og utgifter kommande år.
 - Oversikta viser korleis politikarane prioriterer.
 - Stortinget vedtek statsbudsjettet.

Utfordringar for velferdsstaten

- Færre unge som skal forsørgje stadig fleire eldre.
- Folk står kortare i jobb og lever lenger.
- Stadig fleire som må over på tidsavgrensa uførestønad eller varig uførepensjon.
- Utgiftene til helsestellet aukar.

Levestandard og livskvalitet

- BNP per innbyggjar gir eit mål på materiell levestandard.
- HDI (Human Development Index) prøver å seie noko om livskvalitet.
- Objektiv måling av lykke er svært vanskeleg.